



Årsmelding 2018

BANKSJEFEN HAR ORDET	side	4
NØKKELTAL	side	6
ÅRSMELDING FRÅ STYRET	side	7
Generelt	side	7
Strategiplan 2017–2020	side	7
Eigarstyring og selskapsleiing	side	7
Utvikling i norsk og internasjonal økonomi 2018	side	7
Global utvikling	side	7
Norsk økonomi	side	8
Sparebankane i Noreg	side	9
Lokalt næringsliv 2018	side	9
Landbruk	side	9
Bygg, anlegg og entreprenørar	side	10
Varehandel	side	11
Transport	side	11
Reiseliv	side	11
Industri	side	12
Samfunnsengasjement	side	12
Aktivitet gjennom året	side	13
Rekneskapen	side	16
Framleis drift	side	16
Resultatrekneskapen	side	16
Forslag til disponering av overskot	side	16
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	side	16
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	side	16
Driftskostnader	side	16
Balansen	side	16
Forvaltningskapitalen	side	16
Utlån og garantiar	side	16
Verdsetjing av utlån	side	17
Misleghald og tapsutsette engasjement	side	17
Innskot	side	17
Verdipapir	side	17
Eigenkapital og kapitaldekning	side	17
Innskot målt mot utlån	side	17
Funding elles	side	18
Internkontroll og risikostyring	side	18
Generelt	side	18
Pilar II og CRD-IV	side	18
Operasjonell risiko	side	18
Kredittrisiko	side	18
Valutarisiko	side	18
Rente-/kursrisiko	side	19
Likviditetsrisiko	side	19
Strategisk risiko	side	19
Tilsette	side	19
Personalet	side	19
Likestilling	side	19
Arbeidsmiljø	side	19
Diskriminering	side	20
Energi- og klimarekneskap 2018	side	20
Sparebank 1 Gruppen og Banksamarbeidet	side	23
Om Sparebank 1 Gruppen	side	23
Om Banksamarbeidet DA	side	23
Fremtind forsikring	side	24
Eiendomsmegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS	side	25
Lom og Skjåk Sparebanks Næringslivsfond	side	26
Framtida	side	26
Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette	side	26
RESULTATREGNSKAP	side	27
BALANSE	side	28
KONTANTSTRØMOPPSTILLING	side	29
NOTER	side	30
REVISORS BERETNING	side	56
ERKLÆRING FRÅ STYRET	side	58
GENERALFORSAMLING OG TILLITSVALDE PR. 31.12.2018	side	60
HISTORISK REKNESKAP 1874 - 2018	side	62



2018 har vore eit godt og aktivt år i SpareBank 1 Lom og Skjåk. Banken har gjennom mange år hatt ei god utvikling, og alle tilsette har søkeljos på å oppretthalde den gode utviklinga. Vi må saman sikre ei god resultatutvikling, slik at lokalbanken kan vera sjølvstendig i framtida. Kundar, marknad og ramevilkår endrar seg stadig raskare, og dette krev at vi internt i banken må gjera dei endringane som skal til for å møte desse krava.

Vi legg vekt på at det vi gjer, sikrar gode kundeopplevingar, og at kundane sjølve må få velja korleis dei vil bruke banken. Dette gjer vi gjennom å leggje til rette både for gode digitale løysingar og for fysiske møteplassar. Dette gjeld både personkundar og bedriftskundar, unge og eldre kundar, kundar i vår primærmarknad i Nord-Gudbrandsdalen og fjernkundane våre. Vi er opptekne av gode møteplassar for å sikre og utvikle nettverksbygging i norddalen. Dette gjennom å arrangere møte sjølve, og delta saman med andre aktørar, gjerne på tvers av bransjar. Det er viktig for oss å ha eit godt samarbeid

med både næringsliv og lag og organisasjonar. I banken er vi opptekne av at vi som bur og driv næring i norddalen, er stolte over det vi har å tilby og alt vi lykkast med. Det er mange flinke folk i norddalen, og vi må vera rause og unne kvarandre å lykkast. Vi må heie på kvarandre, og det ønskjer vi å vise gjennom vår omdømmekampanje «oss banka for norddalen», #jælmabegeistra. Vi må skape stoltheit – vidareutvikle oss saman, for vi er heilt avhengige av kvarandre for å lykkast. Vi vil òg byggje vidare på #Fjellbanken for å synleggjera verdiane våre og kva vi står for.

Vi har i 2018 hatt ei ny runde i vår omdømmekampanje «oss banka for norddalen» #jælmabegeistra. I denne runden har vi teke utgangspunkt i tre lærlingar og lærlingbedrifter i norddalen. Dette med bakgrunn i at vi i fleire år har hatt eit godt samarbeid med Brimikjøken og Opplæringskontoret for Gudbrandsdalen. Det er viktig med god rekruttering for alle bedrifter i norddalen, og da er det viktig med stort mangfald og ulik kompetanse. Banken har òg eit tett samarbeid med Ungt Entreprenørskap og skulane i norddalen, og dette danner eit godt grunnlag og auka forståing for økonomi blant dei unge.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er nå godkjend som lærlingbedrift innanfor både kontor- og administrasjonsfaget og IKT-faget. Vi vil søkje etter lærlingar vinteren 2019, og dette blir spennande. Vi er sikre på at dette vil gje oss eit lyft, og det vil tilføre oss energi og ny kompetanse. Vi blir da fyrste banken med lærlingar, og det gler vi oss til og er stolte over!

Ved utgangen av 2018 er det 54 tilsette i SpareBank 1 Lom og Skjåk, og vi har i 2018 òg rekruttert fleire nytilsette med god og variert utdanning og kompetanse. Vi har dei siste åra brukt tid på kompetanseheving, opplæring og autorisasjonar. Banken har i dag ei god samansetjing av kjøn, alder, erfaring og bakgrunn, noko som er viktig for å kunne sikre god organisasjonsutvikling og gjennom dette kunne tilpasse oss dei endringane som skjer rundt oss i marknaden og samfunnet.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har primærområdet sitt i fem av seks norddalskommunar: Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre. I dette området bur det ca. 13 000 innbyggjarar. Vi har fullservice-

kontor i Skjåk, Lom, Vågå og på Dombås, og meiner det òg i tida framover vil vera viktig for den lokale sparebanken å ha kontor i lokalmarknaden. Bankkunden ønskjer å kunne velja og ha kontakt med banken ved fysisk kontakt, pr. telefon eller digitalt. Det er kunden sitt val, og vi må leggje til rette for at dette fungerer optimalt i alle kanalar. Vi har òg i 2018 hatt god tilgang av nye kundar, både i vårt primærområde og elles i landet. Halve utlånsporteføljen til banken kjem frå kundar utanfor primærområdet, og dette har vore strategien til banken frå tidleg på 1980-talet. Vi vil òg vera avhengige av fjernmarknaden for å sikre naudsynt vekst.

Vi ønskjer å støtte opp om lokalsamfunnet og bidra til finansiering av arbeidsplassar slik at det i tida framover òg skal vere attraktivt å bu i Nord-Gudbrandsdalen. Det er mange flinke og dyktige bedriftseigarar og drivarar i norddalen, innan mange ulike bransjar. SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein viktig samfunnsaktør, og vi vil sikre eit godt samarbeid og bidra til positiv utvikling i området. Banken må ha god resultatutvikling for å kunne vera ein god lokal bidragsytar og samarbeidspartnar i framtida.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har i to rundar delt ut talentstipend, og vil frå 2019 òg dele ut næringspris. Dette vil vera årlege tildelingar, og banken ønskjer gjennom dette å synleggjera alle dei flinke ungdommane vi har i norddalen og påskjønne bedrifter i primærmarknaden.

SpareBank 1 Lom og Skjåk legg fram eit godt årsresultat for 2018, med eit overskot etter tap og skatt på 74,83 mill. kroner. Den underliggende drifta har vore god. Det har i 2018 òg vore høge ekstraordinære inntekter, og vi har motteke høge utbytte. I 2018 hadde banken ein rentenetto på 1,84 %, og auka provisjonsinntekter. Banken kunne i 2018 attendeføre tidlegare tapsavsetjingar på til saman 4,6 mill. kroner.

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av 2018 på 7,545 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt og valutalån. Eigenkapitalen er 831,7 mill. kroner og utgjer 14,08 %.

Det gode resultatet i SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2018 er skapt av alle dei tilsette i banken, og utan godt samarbeid og god innsats frå den enkelte, hadde dette ikkje vore mogleg. Takk til dykk alle for god innsats i 2018. Vi skal saman sikre god utvikling òg i tida som kjem!

Eg vil òg takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for 2018 og ønskjer alle eit godt år i 2019.

Vår visjon: Din lokalbank – der du er!

Unni Strand
adm. banksjef

Tal i tusen kroner	2018	2017	2016	2015	2014
Forvaltningskapital	5 908 603	5 581 965	5 213 827	4 879 769	4 643 958
Overført til Boligkreditt (BK)	1 476 215	1 390 274	1 248 873	1 024 664	818 147
Garantiar for valutalån (VL) - pålydande	159 721	158 561	150 964	189 498	261 547
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	7 544 539	7 130 799	6 613 664	6 093 931	5 723 652
Brutto utlån (til kunder)	5 119 952	4 641 105	4 494 645	4 114 448	3 910 871
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK og VL	6 755 888	6 189 940	5 894 482	5 328 610	4 990 565
Innskot frå kunder	4 356 245	4 008 332	3 784 583	3 398 765	3 176 677
Resultat underliggjande drift eks. tap	56 756	56 882	63 538	50 210	47 045
Tap på utlån	-4 750	4 427	3 040	-1 420	10 710
Resultat underliggjande drift inkl. tap	61 506	52 456	60 498	51 630	36 335
Resultateffekt frå verdipapir	4 331	8 597	17 848	-2 832	15 520
Resultat før skatt	92 168	103 710	100 218	55 598	75 973
Resultat etter skatt	74 830	88 221	84 504	39 845	63 229
Eigenkapital	831 668	758 096	670 389	590 133	560 479
Rentenetto	1,84 %	1,95 %	2,09 %	1,98 %	1,91 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,65 %	0,67 %	0,63 %	0,68 %	0,76 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,47 %	1,54 %	1,42 %	1,58 %	1,58 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	50,60 %	45,72 %	45,77 %	57,15 %	49,65 %
Tap i % av brutto utlån	-0,09 %	0,10 %	0,07 %	-0,03 %	0,27 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,54 %	0,67 %	0,61 %	0,82 %	1,11 %
Misleghaldsprosent	0,08 %	0,52 %	0,32 %	1,07 %	1,72 %
Eigenkapitalandel i balanse	14,08 %	13,58 %	12,86 %	12,09 %	12,07 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	11,50 %	14,43 %	15,88 %	9,67 %	14,24 %
Kapitaldekning	20,63 %	20,85 %	18,03 %	17,23 %	17,82 %
Kjernekapitaldekning	19,29 %	19,61 %	17,66 %	16,51 %	17,15 %
Rein kjernekapitaldekning	19,29 %	19,61 %	17,66 %	16,51 %	17,15 %
Rein kjernekapitaldekning, konsolidert	18,80 %				
Kapitaldekning, konsolidert	20,57 %				
Utlånsvekst (eks. tapsavsetningar)	10,32 %	2,92 %	9,24 %	5,21 %	14,14 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	9,14 %	5,01 %	10,62 %	7,18 %	9,89 %
Innskotsvekst	8,68 %	5,88 %	11,35 %	6,99 %	13,08 %
Innskot i % av utlån	85,08 %	86,63 %	84,20 %	82,61 %	81,23 %
Endring forvaltningskapital	5,85 %	7,06 %	6,85 %	5,08 %	10,90 %
Brutto utlån næring	41,90 %	39,47 %	40,75 %	41,58 %	41,13 %
Brutto utlån privat	58,10 %	60,53 %	59,25 %	58,42 %	58,87 %
Tal på tilsette	54	54	52	50	49
Tal på årsverk	53	53	50	48	47

Generelt

Banken vart stifta i 1873

Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. Sparebank 1 Lom og Skjåk skal vera ein kostnadseffektiv bank og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selja og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgjevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågå og på Dombås.

Strategiplan 2017–2020

Styret vedtok i november 2016 strategiplan for perioden 2017–2020. Strategiplanen skal leggje føringar for dei strategiske vala til banken, prioriteringar og risikonivå i planperioden. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal utvikle seg frå ein tradisjonell lokalbank til ein moderne lokalbank med tradisjonar i 2020. Vi jobbar løpande med delstrategiar og handlingsplaner for det enkelte område i banken, og dette arbeidet vil halde fram til vi skal revidere strategiplanen i 2020.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har gjennom mange år hatt ei solid og god drift, og det er viktig å oppretthalde dette. Både åtferda til kundane og marknaden generelt endrar seg stadig raskare, og dette må vi som bank ta innover oss. Vi må utvikle oss for å vera i forkant når det gjeld mobile og nettbaserte løysingar, men vi må òg vera gode rådgjevarar som er til stades for kundane når dei har behov for oss.

Rammevilkåra er i stadig endring, og dei regulatoriske krava frå styresmaktene blir stadig strengare. Dette vil i sum krevja meir av oss i tida framover, og det er viktig at vi løysar dette på ein god måte for å kunne sikre vidare utvikling av ein framtidsretta, robust og sjølvstendig bank.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar. Styret evaluerte retningslinjene 25.10.2013, og gjorde ikkje vesentlege endringar.

Utvikling i norsk og internasjonal økonomi i 2018

Global utvikling

Etter eit positivt 2017 for økonomien i verda, baud 2018 på noko mindre vekst gjennom året og auka usikkerheit om utviklinga. Hjø handelspartnarane til Noreg vart den økonomiske veksten noko redusert, mellom anna som følgje av mindre positive impulsar frå penge- og finanspolitikken. Auka proteksjonisme og den uavklarte situasjonen rundt Brexit har vore nokre av faktorane som har bidrege til å auke uvissa om utsiktene.

I USA fortsette veksten å ta seg opp i fjor. Arbeidsløysa vart ytterlegare redusert frå eit lågt nivå historisk sett, inflasjonen fekk feste på eit høgare nivå enn tidlegare, og lønnsveksten auka noko. Framgangen har særleg vore understøtta av ein ekspansiv finanspolitikk. Som følgje av den høge aktiviteten i amerikansk økonomi heva derimot den amerikanske sentralbanken (FED) styringsrenta ved fire høve, til intervallet 2,25 %–2,5 %. Med det har FED heva renta ni gonger frå botnnivået, som vart halde uendra frå 2008 til 2015. I tillegg til eit høgare rentenivå strammar FED inn gjennom å skalere ned balansen, som auka betydeleg i etterkant av finanskrisen grunna verdipapirkjøpsprogrammet. Dette blir gjort ved ikkje fullt ut å reinvestere dei månadlege innbetalingane som følgje av renter og forfall på verdipapirbeholdninga.

I eurosona har veksten tidlegare teke seg opp etter at dei særskilte ekspansive pengepolitiske tiltaka omsider fekk effekt. I 2018 minka veksten noko att. Gjennom året har det særleg vore nokså stor uvisse knytt til Storbritannias utmelding av EU og budsjettsituasjonen i Italia. For fyrstnemnde var det ved utgangen av året ikkje endeleg avklart om dei vil få på plass ein avtale innan fristen, og aktuelle alternativ omfattar

framleis ny folkeavstemming, forlenging av fristen for utreiing osv. I Italia ønskte regjeringa å auke budsjettunderskotet for å stimulere til økonomisk vekst, men møtte motbør hjå EU-kommisjonen som følgje av den eksisterande gjeldsbyrda i landet. Mot slutten av året vart det oppnådd semje etter at underskotet vart redusert frå 2,4 % til 2,04 %.

På hausten annonserte den europeiske sentralbanken (ECB) at verdipapirkjøpsprogrammet gjekk mot slutten. Kjøpa vart halvert frå EUR 30 mrd. til EUR 15 mrd. per måned etter september, og programmet vart avslutta ved utgangen av året. I motsetning til FED vil ECB halde fram med å reinvestere renter og forfall fullt ut, noko som betyr at stimulansen frå sentralbanken blir oppretthalden. Styringsrenta vil ifølgje ECB bli endra tidligast hausten 2019.

BNP-veksten i dei framveksande økonomiane endar ifølgje IMF truleg på 4,7 % i 2018, uendra frå året før. Veksten er godt over takten i dei utvikla økonomiane, men det er store variasjonar mellom landa. Gjennom året har usikkerheita rundt global handel auka, etter at særleg USA har innteke ei meir proteksjonistisk haldning. «Handelskrigen» har i stor grad omhandla USA og Kina, som båe innførte auka importtoll i løpet av året. Trass i at det vart inngått avtale om «våpenkvile» mellom Donald Trump og Xi Jinping mot slutten av året, kan vi ikkje sjå bort frå ein fullskala handelskonflikt, noko som vil gje eit negativt bidrag til global handel og aktivitet.

Norsk økonomi

Norsk fastlandsøkonomi hadde ytterlegare oppgang i 2018. BNP-veksten for fastlands-Noreg endar ifølgje Norges Bank truleg på 2,4 %, ein oppgang på fire tidelar frå 2017. Året starta noko betre enn det slutta, etter at andre halvår mellom anna var prega av redusert jordbruksproduksjon etter ein tørr sommar, lågare oljepris og svakare vekstutsikter.

I arbeidsmarknaden betra situasjonen seg ytterlegare gjennom 2018. Sysselsetjinga auka og arbeidsløysa vart ytterlegare redusert. Inflasjonen steig betydeleg, særleg som følgje av auka elektrisitetsprisar. Føretaksinvesteringane auka også i fjor, og Norges Banks regionale nettverk ga uttrykk for god vekst i produksjonen og positive vekstutsikter. For fyrste gong sidan oljeprisfallet i 2014 bidrog investeringane innan petroleum positivt, medan bustadinvesteringane vart redusert etter ein periode med solid vekst. Veksten i bustadprisane har utvikla seg moderat gjennom året. Gjeldsveksten i hushaldningane vart redusert, men oversteig samla sett veksten i inntekt. Dermed steig gjeldsbyrda i hushaldningane vidare. Auka aktivitet i norsk økonomi, kapasitetsutnytting nær normalt nivå og inflasjon rundt målet var sentrale årsaker til at hovudstyret i Norges Bank vedtok å heve styringsrenta frå 0,50 % til 0,75 % i september. Dette var den fyrste rentehevinga sidan 2011. Hovudstyret har gjeve uttrykk for ein gradvis renteoppgang framover, men at dei ønskjer å gå forsiktig fram i rentefastsetjinga etter ein lang periode med låge renter.



Nye sedler. Foto frå fpol.no

På den pengepolitiske sida vart også inflasjonsmålet redusert frå 2,5 % til 2 %. Endringa vart gjort på bakgrunn av ei forventning om redusert innfasing av oljeinntekter i norsk økonomi samanlikna med føregåande år, og fører med seg at Noreg nå har same inflasjonsmål som dei fleste andre land vi kan samanlikne oss med.

For fyrste gong på fleire år bidrog finanspolitikken i ei kontraktiv retning i fjor. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, auka til om lag 221 milliardar kroner. Endringa innebar ein negativ budsjettimpuls inn i økonomien på 0,1 %, målt som del av trend-BNP for fastlands-Noreg (7,4 % samla sett). i forhold til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (oljefondet) utgjorde underskotet 2,6 % i 2018, fire tidelar lågare enn handlingsregelen.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og veldreven næring. Den utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg. Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden. Talet på sparebankar i Noreg vart redusert frå 100 til 99 i 2018.

Lokalt næringsliv i 2018

For oss i SpareBank 1 Lom og Skjåk ser det ut til at det lokale næringslivet i all hovudsak går godt. Netto vekst på utlån til næringskundar vart på kr 398 mill. for 2018 inkl. lån til næringskundar overført til Boligkreditt, og det er ny rekord. Samla utlån til næringslivet er nå godt over kr 2,2 mrd. inkl. næringslån overført til Boligkreditt. Vi har heller ikkje tap av betydning på næringslån for 2018. Vi håpar at dette er eit godt barometer på stoda, og at det også er opplevd slik blant kundane våre. Vi har framleis god vekst i Lesja og Dovre, særleg innan landbrukssektoren.

Landbruk

Landbruket er ein av berebjelkane i det lokale næringslivet. 2018 vart for mange av kundane våre i landbruksnæringa prega av vêret.

Først var det unormalt varmt i ein lang periode, som skapte turke. Seinare på hausten kom det flaum i Ottadalen. SpareBank 1 Lom og Skjåk var tidleg på banen for å hjelpe dei som vart råka av turka. Vi introduserte «fôrlån» med låg rente og utan etableringskostnader. Det er ikkje så mange som har nytta seg av dette lånet, så vi håpar og har delvis erfart at dei fleste fekk bra avlingar likevel. For mange vart det ekstra lange dagar og mykje arbeid med vatning.



Eidefoss med strømrabatt og Sparebank 1 Lom og Skjåk lanserte gunstige lån til gardbrukarane i tørken.
Foto: Tom Erik Solstad/Fjuken



Konferansen «Kokken, bonden og reiselivet» i Lom 2018. Foto: Arve Danielsen

I løpet av dei siste ti åra er bruk som søker om produksjonstilskot i Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk, betydeleg redusert, men vi har heldigvis registrert at investeringslysta i landbruket framleis er til stades i Nord-Gudbrandsdalen.

Også i 2018 er det bygd fleire driftsbygningar til storfe – for produksjon av både mjølk og kjøtt. Prisane på mjølkekvote ved både sal/kjøp og utleige/leige har auka ein god del dei siste åra. Det er framleis underdekning av storfekjøtt i marknaden, og det ser ut til å halda fram ei stund til, men kanskje ikkje så lenge som vi fyrst trudde. Vår generelle oppfatning er at det går i retning av færre bruk, men at det blir auka produksjon på dei bruka som held stand. Dette gjeld særleg i mjølkeproduksjon. Dette er ikkje noko spesielt fenomen for Nord-Gudbrandsdalen, men gjeld heile landet. I tillegg til storfeproduksjon er produksjon av sauekjøtt den største landbruksnæringa i Nord-Gudbrandsdalen. Her ser vi at det framleis er overproduksjon i marknaden.

I svineproduksjon er det også overproduksjon og låge prisar. Det er sett i verk tiltak for å redusere denne overproduksjonen, slik at svinebøndene igjen kan få bra oppgjør for slakta sine.

Bygg og anlegg

Bygg- og anleggsbransjen er avhengig av lokal aktivitet. Bygging av fritidsbustader, utbygging av vasskraft og offentlege infrastrukturprosjekt innanfor veg, vatn og avlaup har vore viktige bidragsytarar for bransjen i 2018. Det har til dømes vore betydeleg hyttebygging på Bjorli, ved Lemonsjøen og i Sjødalen. Vasskraftutbyggingane Nedre Otta og Rosten har gjeve store ringverknader, og gjort det mogleg for lokale verksemder å byggje opp kompetanse som kan nyttast i framtidige prosjekt.

Fleire etablerte verksemder, saman med landbruket, gjer også investeringar som gjev oppdrag til bygg- og anleggsbransjen. Alt i alt ser 2018 ut til å ha vore eit tilfredsstillande år.

Struktur mjølkebruk i Nord-Gudbrandsdalen (inkl. Sel)

1-16 årskyr	34%
17-25 årskyr	33%
26-50 årskyr	22%
51+ årskyr	11%

(Kjelde: Agri Analyse Rapport 17-3)

Varehandel

Varehandelen er i stor grad avhengig av turisttrafikken, og mange verksemder har store delar av omsetnaden i sommarsesongen. Reiselivet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, og dette gjev også positiv effekt i form av auka handel. Lom og Dovre utmerkar seg spesielt med ein omsetnad pr. innbyggjar på respektive kr 90 360 og kr 85 520 (SSB, 2017).

Tala for både kommunene ligg over landsgjennomsnittet. Auke i netthandelen er ein trend som ser ut til å halde fram, og vi er usikre på kva utslag dette vil gje for lokal varehandel.

Transport

Transportbransjen har hard konkurranse. Dette merkar også dei lokale aktørane. God kvalitet, god service, god standard på materiell og tilgang til stabil arbeidskraft er medverkande faktorar som gjer at dei lokale aktørane greier å hevde seg i denne marknaden. Lokale verksemder bidreg med sitt transportbehov av varer både ut og inn av distriktet, og nyttar ofte lokale transportørar.

Banken har inntrykk av at dei lokale transportørane har hatt god aktivitet og tilfredsstillande resultat også i 2018.

Reiseliv

For dei fleste i næringa har 2018 også vore eit godt år. Det var ein sommar med uvanleg godt vær som gjorde at mange mellom anna brukte fjellet mykje. Fleire turisthytter i fjellet har omsetjingsrekord i 2018. Det gode været var likevel utfordrande for dei som held på med sommarskiaktivitetar. Mange verksemder investerer og held ved like produktet sitt på ein god måte, som gjer at verksemdene er enda betre rusta for åra som kjem. Den låge kronekursen bidreg framleis til at det er nokså rimeleg for nordmenn å reise i Noreg, og storparten av gjestedøgna kjem frå norske reisande.



Nils Arne Haugen frå Sparebank 1 Lom og Skjåk med gratulasjonar ved opninga av den nye utstillinga Bergtatt på Norsk fjellsenter. Sparebank 1 Lom og Skjåk ga midlar til utstillinga. Foto: Arve Danielsen, Fjuken

Målretta profilering gjennom fleire kanalar og sosiale medium over tid gjer regionen vår godt kjent. I tillegg fekk regionen stor merksemd gjennom filmar i regi av lokale aktørar, til dømes tamreinnæringa, og i 2018 gjennom satsinga til NRK som var med Lars Monsen på tur.

Godt besøkte festivalar som Fjellfilmfestivalen, countryfestivalen i Skjåk, landsfestivalen i gamaldansmusikk m. fl. gjev store ringverknader for varehandel, overnattings- og serveringsverksemder. Hausten 2018 gav militærøvinga Trident Juncture stor aktivitet for reiseliv og handel, særleg i Dovre og Lesja.

Besøkjande kan nytte seg av eit veksande og variert tilbod på guida turar i regi av turistverksemder og nye og gamle aktivitetselskap, som satsar på mellom anna ski, sykkel, fotturar, rideturar, moskussafari og jaktpakker.

Etableringar og konkurransar i regionen 2018 (2017)

	Lom	Skjåk	Vågå	Dovre	Lesja
Etableringar	17 (12)	10 (7)	37 (29)	16 (15)	9 (11)
Konkursar	1 (0)	2 (4)	2 (2)	2 (1)	2 (0)

Statistikken frå Brønnøysundregistra dokumenterer også ei positiv utvikling frå 2017 til 2018. Talet på etableringar har auka frå 74 til 89, medan talet på konkursar auka med 2 frå 2017 til 2018. Kjelde: Brreg



Foto frå kampanjen «oss banka for norddalen». Her frå Brimi Sæter. Foto: Kristoffer Mæle Thuestad

Industri

Industrien sysselset frå 2 % (Vågå) til 12 % (Skjåk) av arbeidsstokken i marknadsområdet til banken. Industriverksemdene i norddalen har halde fram veksten frå i fjor, og fleire har gjort større investeringar for å sikre vidare utvikling av verksemdene. Verksemdene har vore flinke til å tilpasse seg marknaden, og har jamt over god ordretilgang, ordreservar og langsiktige oppdrag.

Industriområdet i Bismo vart hardt ramma av flaumen i oktober, og fleire av industriverksemdene fekk skadar på bygningar og produksjonsanlegg, trass i førebyggjande tiltak. Verksemdene har handtert dette på beste måte og unngått større driftsavbrott. Naturkatastrofen vart spesielt krevjande for Glasopor, som mista varelageret i flaumen og fekk påfølgjande krav frå styresmaktene om opprydding nedstraums i Ottavassdraget.

Vi reknar med at ein industriarbeidsplass bidreg til tre andre arbeidsplassar lokalt, så denne næringa fører til store positive ringverknader.

Samfunnsengasjement

Banken er ein lokal sparebank utan eigarar, der overskotet blir pløgd attende til lokalsamfunnet. Det er eit godt fundament å ha. For å oppretthalde sjølvstende må vi drive godt, og vi må tene godt. Det eitt av mange tøffe krav frå styresmaktene. For å klare å vera ein sjølvstendig bank, må vi engasjere oss i det som skjer rundt oss, vi må ta del, støtte opp og heie på alle som



Flaumen herja i industriområdet i Bismo. Foto: Hans Erik Kjosbakken/Fjuken.

ønskjer å skapa noko for seg sjølv og fellesskapet. Vi er veldig takksame for alle som brukar oss og som set dei lokale verdiane høgt i val av bank.

Kvart år bidreg banken med millionbeløp i sponsor- og gåvemidlar. I 2018 vart det utbetalt om lag 1,1 mill. kroner i gåvemidlar, og nesten 2,8 mill. kroner i sponsormidlar til både mindre og større arrangement. Det veit vi blir sett enorm pris på. Det er det som skal til for at mange kan klare å oppfylle ønske, for å skape, for å få smått og stort til å gro lokalt. Dette er vi veldig glade for at vi har moglegheit til å gjera.

Noko av det vi har hatt auka søkeljos på i dei siste åra, er samarbeid. Utan samarbeid kjem vi ikkje framover. Alle, både einskildpersonar, verksemdar, lag osv., har mykje å hente der ennå. Banken ønskjer å gå framfor med eit godt eksempel på dette, der vi kan. Vi må engasjere oss der det skjer, vi må gå i hop med andre på einskildprosjekt for å skapa ein enda større forskjell for bygdene våre. Slik blir vi betre kjent og forstår kvarandre betre. Og slik kan vi gjere bygdene enda meir attraktive både for dei som ønskjer å flytte heim att, for turistar og for dei som rett og slett ønskjer å flytte hit.

Næringslivsfondet til SpareBank 1 Lom og Skjåk gjev også kvart år økonomisk stønad som skal fremje næringsutvikling blant kundane til banken. Som ledd i arbeidet mot korrupsjon og kvitvasking følgjer banken retningslinene til Finans Norge ved etablering av kundeforhold og utferding av banklegitimasjon.

Banken si behandling av likestilling, diskriminering, arbeidsmiljø og påverknad på ytre miljø er nærare omtala andre stader i årsmeldinga.

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2018, sjå tidlegare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen. Aktiviteten ved kontora våre i Lom, Skjåk, Vågå og på Dombås var høg også i 2018. Vi er totalt 54 tilsette i banken.

Bankmarknaden er i ei rivande utvikling, som dei fleste av kundane våre merkar. Det er stadig nye

produkt og tenester, og meir og meir blir løyst berre digitalt. Utvikling skjer i eit høgare tempo. Dette krev også mykje av dei tilsette. Vi må kunne alt vi tilbyr til kundane, dei tilsette skal kontinuerleg autoriserast for å drive god rådgjeving. Kundane våre er mange, og dei er ulike. Nokre ønskjer å bruke banken på gamlemåten, andre er innom berre av og til, og dei fleste løyser alt digitalt. Alle saman skal ha like god kunde-service uansett korleis dei kontaktar oss.

2018 heldt fram med stort lokalt engasjement når det gjeld arrangement og tilstellingar i bygdene våre. Banken var også i 2018 sponsor på ei rekkje ulike arrangement, noko vi er særst glade for å kunne vera med på. Men i 2018 var vi kanskje enda meir involvert, vi var like mykje ein samarbeidspart som ein sponsor. Vi ønskjer å ta meir del, og da er samarbeid og involvering nøkkelen.

Vi ønskjer å engasjere oss i alle gode tiltaka, saman med alle som ønskjer å få til noko på heimplassen sin, alle som vil bidra og skapa noko for mangfaldet. Vi har mange flinke, både frivillige som har gjort ein enorm innsats over mange, mange år og nye, unge eldsjeler som vil gje attende til heimplassen sin, gje av kunnskapen sin og gjera ein forskjell for alle oss som bur her. Desse heiar vi på!

OL var ei av de første hendingane i året. Sidan SpareBank 1 er sponsor for landslaget på ski, var det naturleg å gjera litt ut av OL og heie fram dei nasjonale skiheltane våre. Vi hadde lokal teiknekonkurranse, der vinnaren kunne få teikninga si vist på TV og få tilsendt ein premie.

Som ein del av skisponsoratet, er det også laga noko som heiter UTETIMEN. Dette er ein måte å engasjere lokale skular og idrettslag på. Det er ei utstyrseske med mange oppgåver som skal løysast og hinder som skal forserast. Det er å ha ein aktiv mattetime ute. Loar skule i Lom var først ut og hadde Skiforbundet på besøk for å instruere. Ein veldig triveleg dag.

Høkkers-gjengen i Vågå er noko heilt for seg sjølv. Å få til eit slikt friskimiljø i den vestre bygda er heilt unikt. Banken er mangeårig sponsor og ønskjer å vera med på å bidra til mangfaldet, at enda fleire unge skal få moglegheit til å stå på ski. Ikkje berre har dei eit godt miljø, men dei har av verdast beste utøvarar i dette.



Sparebank 1 Lom og Skjåk er stolt sponsor av Høkkers i Vågå. Foto: Fjuken/Tom Erik Solstad



Borna på Lalm skule løyer oppgåver med «Utetimen» frå Skiforbundet.



Fotballturnering for yngre i Lom.



Fotballhallen på Dombås.

I mars, under konkurransen Vågå Freeride på Lemonsjøen, var det hakeslepp og kneskjelv. Dei lokale skiheltane gjorde reint bord i ein ellevill konkurranse med frikøyringseliten. Vi er stolte og «#jælmabegeistra».

På vårparten var det klart for Ungdomsmusikalen i Nord-Gudbrandsdalen, Riverland. Nabobanken SpareBank 1 Gudbrandsdal og vi samarbeidde om å være hovudsponsor. Musikalen vart ein forrykande suksess, ein lokal musikal som trekte folk i alle aldrar. Arrangementet kravde enormt frå ungdommen, som var med både musikalsk og som skodespelarar. Attendemeldingar er at dette er noko av det største dei har vore med på, verdt kvart minutt av øving. Dei mestrar og dei veks som personar. Ungdommen vår er ein inspirasjon!

Tidleg i april i år hadde vi søknadsfrist på ny runde av Talentstipend. Banken ønskjer å gje meir attende til all den talentfulle ungdommen vi har her i norddalen, og da er Talentstipend ein flott måte å gjera det på. Dei fortener å få merksemd og bli gjort stas på. Det var godt over 40 søknader i år, også frå dei mellom 15 og 25 år, som bur i eller kjem frå ein av dei fem kommunane våre. Veldig stas! Vi fekk dessverre ikkje samle alle søkjarane til felles utdeling slik vi gjorde i 2017, da veldig mange ikkje skulle heim att til sommaren. Vi inviterte derfor til kontora våre og fekk delt ut sjekk og diplom der. Banken er glad for få vera med å oppfylle dei draumane ungdommen har.

Inn i sommarmånadane var banken med på stand både på Landsfestivalen i Skjåk og på Traktorrock i Vågå. Det er viktig å få vera ein del av det som skjer, møte publikum og kundar til både bankprat og andre fine diskusjonar.

I september vart banken med på noko veldig spennande, nemleg tre dagar med «workation», etterfølgt av den tradisjonsrike Fjellfilmfestivalen på Gjendesheim. Der var vi hovudsponsor. Workation var eit samarbeidsprosjekt, eit spenstig opplegg som kombinerer arbeid, gode måltid, eventyrleg overnatting og aktivitetar frå aller øvste fjellhulle i Vågå-bygda, der tilreisande som kunne tenkje seg å flytta frå storbyane, fekk smaka på det unike i å kombinere arbeid og opplevingar og få eit godt innblikk i kva norddalen har å by på.

På hausten hadde vi med oss rundt 50 landbrukskundar på Agroteknikk-messe på Lillestrøm. Dette gjer banken kvart tredje år når dette blir arrangert, og det er like inspirerende og triveleg kvar gong. Takk til alle som blir med oss på denne turen.

Så var det endeleg klart for andre runde av omdømmekampanjen vår #bankarfororddalen. Denne gongen ønskte vi å lyfte fram lærlingane i norddalen. Dei er fantastiske! Vi laga derfor tre filmar med lærlingar, som har blitt godt marknadsført. Gjennom mange år har vi hatt tett samarbeid med Opplæringskontoret Brimikjøken, og det var naturleg å bli betre kjent med lærlingane våre i denne runden – både bakaren Hans, kokken Eivind og reiselivslærlingen Livia. Vi heiar på døkk! Med ein slik kampanje ønskjer banken å vise kor mykje flott vi har å tilby i dalen, kor mykje flinke folk vi har, og ikkje minst at alle må vera med og sjå dette, tore å vera stolte, tore å skryte av kvarandre, tore å heie på dei som satsar og lykkast. Det er dit vi må!

Som ein del av samfunnsansvaret vårt var det heilt naturleg å vera medarrangør da det var duka for konferanse i Utgard midt i november, med tittelen «Kokken, bonden og reiselivet». Det vart ein suksess! Desse tre orda heng heilt saman. Norddalen er eit matfat, vi har ein einestående flott natur, fantastisk flinke folk i landbruket og råvarer av ypparste kvalitet. Både bonden, reiselivet og kokken må sjå meir til kvarandre – apropos samarbeid.

Banken avslutta året på tradisjonelt vis. Nærare 110 næringskundar var med på julelunsj på Fossheim. Vi fekk stolt vise fram dei tre lærling-filmane vi laga til runde 2 på omdømmekampanjen, og vi fekk fantastisk musikk og song frå to lokale talent, Julie Garmo og Martin Steinum Brun. Båe har fått talentstipend frå banken.



Ungdomsmusikalen Riverland med Sparebank 1 Lom og Skjåk og Sparebank 1 Gudbrandsdal som hovudsponsorar.



Øystein Ulekleiv. Foto: Lokavisa Vigga



Skisamling på Sognefjellet.



Stand under Traktorrock i Vågå.

Rekneskapen

Framleis drift

Bankstyret stadfestar at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagd under desse føresetnadene. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Resultatrekneskapen

Resultatet etter tap og skatt vart i 2018 kr 74 830 321. For samanlikning med tidlegare år viser vi til tabellen på side 6. Prosenttal er utrekna av dagleg, gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er svært nøgde med resultatet for 2018. Resultatet frå den underliggande drifta har vore god. Tap på utlån og garantiar osv. har betra seg betrakteleg dei siste åra, og vi kunne i 2018 føre attende 4,6 mill. kroner som tidlegare var avsett eller konstatert som tap. Resultatet sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Bankstyret understrekar difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:
kr 1 250 000 til gåver
kr 73 580 321 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 106,6 mill. kroner, ein marginal oppgang frå året før. Rentenetto utgjør 1,84 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarende førre år var 1,95 %. Nedgangen i rentenettoen kan til dels forklarast med at banken hadde stor vekst i innskota i 2017 og i starten av 2018. Vi hadde ikkje tilsvarende vekst i utlån, noko som medførte til auka rentekostnad for banken. Sterk konkurranse når det gjeld bustadlån påverkar også rentenettoen. Ut frå konkurransesituasjonen er styret godt nøgd med rentenettoen.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 37,7 mill. kroner, som utgjør 0,65 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2017 var tilsvarende tal 36,2 mill. kroner og 0,67 %. Banken hadde positiv utvikling i porteføljen av aksjar og obligasjonar og har bokført gevinstar med 4,3 mill. kroner. I 2017 hadde vi bokført gevinstar på 8,6 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,47 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2017 var driftskostnadene på 1,54 %. Lønn og generelle administrasjonskostnader utgjør 1,19 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein nedgang frå 1,27 % i 2017. 2,3 mill. kroner av kostnaden ved innskottspensjon vart betalt av innskotsfondet som oppstod i samband med lukking av YTP-ordninga i 2016. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha kostnadseffektiv drift av banken i fokus for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 5 908,6 mill. kroner, ein auke med 5,85 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2018 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka med 85,9 mill. kroner til 1 476,2 mill. kroner frå førre årsskiftet. Kundane våre hadde 159,7 mill. kroner i valuta-lån. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt og valutalån utgjør 7 544,5 mill. kroner, ein auke på 413,7 mill. kroner sidan 2017.

Utlån og garantiar

Utlån vaks med 478,8 mill. kroner til 5 120,0 mill. kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 14d) viser fordeling mellom geografiske område. Brutto utlån auka med 10,3 % frå 2017 til 2018.

Ved utgangen av 2018 utgjør garantiar 186 mill. kroner. Note 14e) viser garantiar fordelt på næringer, og note 26 fordelt på garantitypar. Utlån og garantiar til næringslivet er på 42,3 % av totale utlån og garantiar. For 2017 var den 40,3 %. Den gjennomsnittlege utlånsrenta var 2,7 %, tilsvarende for 2017 var 3,3 %.

Banken er medeigar i bustadkreditselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utfordring av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkreditselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kreditt-ratingbyråa. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finanstilsynet.

Misleghald og tapsutsette engasjement

Talet på misleghaldne og tapsutsette engasjement syner ei positiv utvikling, samanlikna med førre året. Individuell nedskriving kjem fram etter at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta banken har. I tillegg er personmarknads-kundar over eit definert nivå vurderte.

Vi har attendeført tap- og tapsavsetjingar frå tidlegare i resultatrekneskapen med 4,6 mill. kroner. Individuelle tapsavsetjingar er på 9,2 mill. kroner, og gruppeavsetjingar er 18,3 mill. kroner. Samla blir dette 27,5 mill. kroner, og utgjør 0,54 % av brutto utlån.

Tapsavsetjingar for garantiar er på 0,2 mill. kroner.

Innskot

Innskot frå kundar utgjør 4 356,2 mill. kroner, som er ein auke på 347,9 mill. kroner siste året, eller 8,68 %. For 2017 var auken 5,88 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Banken meiner å ha gode og fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i store innskot.

Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 0,96 %, tilsvarende for 2017 var 0,92 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjør til saman 405,8 mill. kroner. 136,0 mill. kroner er i rente-berande papir og 50,9 mill. kroner er i rentefond. 25,4 mill. kroner er aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse, saman med dei renteberande verdipapira, blir verdivurdert etter det lågaste av kjøpskurs og marknadsverdi.

Anleggsporteføljen er vurdert til 193,5 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar i fellesføretak gjennom alliansesamarbeidet (sjå note 16 a), og eigardelar i tilknytt selskap og dotterselskap, (sjå note 16 b).

Bokført endring i verdipapira viser for 2018 ein positiv resultateffekt med 4,3 mill. kroner, sjå note 8.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjør eigenkapitalen nå 831,7 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 14,08 %, rekna ved utgangen av året, mot 13,58 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital og kjernekapitaldekning utgjør 19,29 %. Kapitaldekninga utgjør 20,63 %. Da er ansvarleg lånekapital på 50 mill. kroner inkludert.

Frå og med 1. januar 2018 skal vi høvesvis innkonsolidere eigardelar i føretak i samarbeidande grupper. SpareBank 1 Lom og Skjåk innkonsoliderer eigardelar i SpareBank 1 Boligkreditt AS, SpareBank 1 Næringskreditt AS, SpareBank 1 Kredittkort AS, SpareBank 1 Finans Midt Norge AS og SamSpar Bankinvest AS (BN Bank AS). Etter innkonsolidering av desse selskapa er rein kjernekapital 18,80 %, kjernekapital 19,07 % og kapitaldekning på 20,57 %.

Innskot målt mot utlån

Innskot målt mot utlån utgjør 85,08 % mot 86,63 % ved førre årsskiftet.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom opptak av obligasjonslån. Forfallsstrukturen går fram av note 20. Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Internkontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i primærmarknadsområdet. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningsliner og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningsliner.

Pilar II og CRD-IV

Hausten 2017 vurderte Finanstilsynet SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov, som resulterte i eit fastsett Pilar 2-krav på 2,5 %. Vedtaksbrevet er offentleggjort på Finanstilsynet si heimeside. Desse vurderingane saman med krava i CRD-IV regelverket danner grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Banken si berekning av kapitalbehov er tilpassa metodikken til Finanstilsynet, og attendemeldingane frå Finanstilsynet blir nytta i bankens kapitalplanlegging. Styret meiner at banken er godt kapitalisert.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll føretekk banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Desse vurderingane danner grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for.

Finansiell informasjon, pilar III, blir offentleggjort på banken si heimeside.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderinga til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegner frå Finanstilsynet og dei interne retningslinene gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement. Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadleg oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret.

Porteføljane for privat- og bedriftsmarknaden har også gjennom 2018 vist ei positiv utvikling, der dei estimerte nivåa for forventta tap, uventa tap og risiko for misleghald er redusert i begge porteføljane. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har teke på oss ein auka risiko ved å vera med på utvikling av lokalt næringsliv, og at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde. Tapa på utlån var i 2018 låge, og talet på misleghaldne engasjement er lågt samanlikna med tidlegare år. Banken arbeider intensivt med å redusere misleghald, og delen av porteføljen som har vore misleghalden eller nedskriven er redusert gjennom fleire år. Engasjementa i privat- og bedriftsmarknadsporteføljane i dei tre høgste risikogrubbene er lågare enn ved utgangen av førre året. Med fokus på sunn vekst og tettare oppfølging av utsette engasjement budsjetterer banken med tap på 0,10 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital i 2019. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kredittrisikoen uendra til moderat.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN – primært i sveitsiske franc (CHF).

Rente-/kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vera låg. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne risikoen har mindre omfang, ut frå storleiken på behaldninga. Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som låg. Situasjonen ved årsskiftet er at fleire av dei strategiske investeringane har ein meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eigne lån i marknaden, og er dermed med på å redusere likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og vurderingar av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Strategisk risiko

SpareBank 1 Lom og Skjåk merkar konkurranse og auka press på rentemarginen. Samstundes har banken hatt god kundetilstrøyming i 2018. Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn.

Tilsette

Personalet

Banken hadde gjennom året både nye medarbeidarar, og tilsette som gjekk av med pensjon. Ved utgangen av 2018 har SpareBank 1 Lom og Skjåk, som ved førre årsskiftet, 54 tilsette ved dei fire kontorå. Dette utgjer til saman 53 årsverk. I tillegg har banken reinhaldar i deltidsstilling ved egedomen til banken i Bismo. Vi har fått to nye medarbeidarar i 2018. Det er rådgjevar privatmarknad Line Sagsletten Bakken og utviklings- og kvalitetscontroller Inger-Lene Skaansar.

Den teknologiske og regulatoriske utviklinga, konkurransen i marknaden og endringar i kunde-åtfærdastillar auka krav til dei tilsette i banken, både når det gjeld endringsvilje og utvikling av

kompetanse. Banken søkte i 2018 tilslutning til Finansnæringens autorisasjonsordning i kreditt. Dette er ei nasjonal autorisasjonsordning som fremjar og sikrar naudsynt kunnskap, haldningar og ferdigheiter hjå våre kredittmedarbeidarar. I 2018 blei 10 medarbeidarar innan privatmarknadsområdet autoriserte. Frå før er 26 av medarbeidarane i banken sertifiserte autoriserte finansielle rådgjevarar og 18 sertifiserte innan godkjenningssordninga for skadeforsikring. Auka kompetanse vil ytterlegare forsterke kvaliteten i rådgjevinga og dialogen med kundane. Både leiinga og styret i banken set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Likestilling

Dei 54 tilsette ved utgangen av 2018 fordeler seg med 32 kvinnelege og 22 mannlege. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling. Gjennom tariffoppgjeret for 2018 vart det vedteke at tilsette som har vore i foreldrepermisjon, skal motta minst eit nytt lønnssteg etter avslutta permisjon. Banken har vore tidleg ute og allereie i nokre år gjeve etterregulering til tilsette som har vore i permisjon, for å sikre at dei ikkje blir hengjande etter.

